



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2726 - 15/19909

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
09.11.2015

Godkjenning - utslepp frå nytt bustadhus på Flatøy, gbnr 1/169.

Administrativt vedtak. Saknr: 394/2015

Tiltakshavar: Steinar Hansen
Ansvarleg søkjar: Stendal VVS AS
Type utslepp: Utslepp frå nytt bustadhus

Saksutgreiing:

I samband med riving av eksisterande bustadhus og oppføring av nytt, på eigedomen gbnr 1/169, er det søkt om nytt utsleppsløyve. Storleiken på utsleppet er opplyst til å vera 10pe.

I samsvar med søknad, motteke 15.10.2015, skal avlaupet reinast med ein 7 m³ slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført i lukka leidning ut i sjø ved Flatøy. Anlegget skal plasserast på tiltakshavar sin eigedom, jf motteke situasjonskart.

Tiltaket er nabovarsla. Det er ikkje motteke merknader.

Vurdering:

Eigedomen har i dag eit anlegg med direkte utslepp til sjø utan reinsing via slamavskiljar. I samband med at det skal oppførast nytt bustadhus vert det no søkt om nytt utsleppsløyve. Nybygget er planlagt med 3 bueiningar.

Utsleppsløysinga det er søkt om er i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp, og i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Tiltaket ligg i område som gjennom reguleringsplan er avsett til bustadføre mål. Sjøarealet utanfor er gjennom arealdelen av kommuneplanen for Meland avsett til «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone». Dette er likevel ikkje til hinder for utlegging av avlaupsleidningar, jf planføresegnene for kommuneplanen pkt 3.3.

«3.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone, pbl § 11-7 nr. 6

Areal avsett til hovudføre målet kan utnyttast i samsvar med dei aktuelle underføre måla med unntak av akvakultur og småbåthamn, §§ 11-7, 3.ledd, 11-9 og 11-11. Hovudføre mål og underføre mål er ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum og telenett, jf pbl § 11-11 nr. 3.»

Administrasjonen har vurdert at tiltaket ikkje krev dispensasjonshandsaming frå byggegrense mot sjø.

Det må liggja føre løyve frå Bergen og Omland Havnevesen.

Tiltaket er søknadsploktig etter plan- og bygningslova.

Ansvarsrettar:

Det er søkt om følgjande ansvarsrettar:

| Føretak: | Godkjenningsområde: |
|---|---|
| Stendal VVS Org.nr 980 626 180 Sentral godkjenning | SØK, PRO, UTF Montering av slamavskiljar, slange til sjø (tkl 1) |
| Stein-Olav Sagstad Org.nr 976 768 337 Sentral godkjenning | UTF Terrengarbeid (tkl 1) |

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» § 12-5, utsleppsløyve frå nytt bustadhus på Flatøy, gbnr 1/169 i samsvar med søknad motteke 15.10.2015 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via 7 m³ slamavskiljar av godkjend type.
2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatn førast i tett lidning til sjø, minimum 10 meter under middel vasstand.
3. Eigar av anlegget har til ei kvar tid ansvar for utsleppet i medhald av forurensingslova.
4. Anlegget må plasserast slik at det kan tømmeast med slamsugebil innanfor vilkåra for den kommunale slamtømmeordninga.
5. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

6. Det må liggje føre løyve frå Bergen og Omland Havnevesen før arbeidet startar opp.

Det vert gjeve ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Utslepp 1-169

Kopi til:

Steinar Hansen

Frydenbølien 24 5056

BERGEN

Mottakere:

Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND